



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 04.10.2017

Vår ref.: 2017/815-37

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Svar på klage på vedtak om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap

Hordaland fylkeskommune mottok klage datert 25.5.2017 frå Hardanger BTK, på vedtak i sak om søknader om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap, jf PS 38/2017.

Det vart søkt om tilskot til senior NM i bordtennis 2017, og søknaden fekk avslag etter handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 22.03.2017 og Fylkesutvalet 30.03.2017.

Klagesaka vart lagt fram for politisk handsaming i utval for kultur, idrett og regional utvikling 13.09 og i Fylkesutvalet 20.09. Fylkesutvalet gjorde vedtak om å løyve kr 25.000 til Hardanger bordtennisklubb. Protokoll ligg ved under.

Utbetaling

Kr 25.000 blir overført til dykker konto så snart vi får tilsendt kontonummer til kultur@hfk.no merka arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap, sak 17/815. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering/rekneskap

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.

Eventuelle avvik frå vilkåra med nærmare grunngjeving.

Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjet) med grunngjeving.

Om rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan 15. februar 2018 vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Det er viktig å merka rapporten med saksnummer 2017/815.

Per Morten Ekerhovd
kst fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, MGD, V, Frp og H fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet opprettheld ikkje tidlegare vedtak om avslag på søknad om støtte til senior NM i bordtennis 2017.
2. Fylkesutvalet viser til Hardanger bordtennisklubb si klage, og dei nye momenta som kjem fram der, mellom anna at klubben ikkje har søkt om midlar til annonsering, men til arrangementet.
3. Basert på ei heilheitleg, skjønsmessig vurdering løyver fylkesutvalet 25.000 kr til arrangementet.»

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Vedtak

1. Fylkesutvalet opprettheld ikkje tidlegare vedtak om avslag på søknad om støtte til senior NM i bordtennis 2017.
2. Fylkesutvalet viser til Hardanger bordtennisklubb si klage, og dei nye momenta som kjem fram der, mellom anna at klubben ikkje har søkt om midlar til annonsering, men til arrangementet.
3. Basert på ei heilheitleg, skjønsmessig vurdering løyver fylkesutvalet 25.000 kr til arrangementet.